



**Vågå
kommune
Teknisk**

Klima- og Miljødepartementet
Pb. 8013 Dep
0030 OSLO

Melding om vedtak

Att. Hege Feiring

Vår ref.
2013/493/16/

Dykkar ref:

Saksbehandlar
Laila Nersveen
61293615

Dato
08.09.2014

Bruk av snøskuter for fornøyleseskøyning - forslag til endring i lov om motorferdsel i utmark og vassdrag og forskrift for motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag

Hovudutval for teknisk, landbruk og naturforvaltning (HTLN) har i møte 05.09.2014, sak 43/14, behandla Miljøverndepartementet si høyring av forslag til endringar i lov om motorferdsel i utmark og vassdrag og forskrift for bruk av motorkjøretøy i utmark og på islagte vassdrag.

Hovudutval for teknisk, landbruk og naturforvaltning gjorde følgjande vedtak:

«Vågå kommune har ikkje vesentlege merknader til føreslegne endringar i lov om motorferdsel i utmark og på islagte vassdrag av 10. juni 1977 og forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag av 15. mai 1988.»

Vedtaket blir med dette sendt MD til orientering. Utskrift av møtebok for HTLN-sak 43/14 ligg vedlagt.

Med helsing

Laila Nersveen
Plan- og miljørådgjevar



**Vågå
kommune**

Arkivsak: 2013/493 -14

Arkiv:

Saksbehandlar:

Laila Nersveen

Utv.saksnr	Utval	Møtedato
43/14	Hovudutval for teknisk, landbruk og naturforvaltning	05.09.2014

Bruk av snøskuter for fornøyleskøyering - forslag til endring i lov om motorferdsel i utmark og vassdrag og forskrift for motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag

Vedlegg:

Høyring av forslag til endringar i lov om motorferdsel i utmark og vassdrag og forskrift for bruk av motorkjøretøy i utmark og på islagte vassdrag.

Saksframlegg:

Miljøverndepartementet har ved brev av 10. juni 2014 til kommunane:

- sendt på høyring forslag til endringar i lov av 10. juni 1977 nr. 82 om motorferdsel i utmark og vassdrag og forskrift av 15. mai 1988 nr. 356 for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag. Høyringsfrist: 19. september 2014.08.18

Regjeringa ønskjer å gi kommunane eit større ansvar og råderett i eiga lokalmiljø og i samband med det starta regjeringa vinteren 2013/2014 eit forsøk der 104 kommunar vart gjeve høve til å etablere snøskuterløyper for fornøyleskøyering. Vågå kommune var ikkje ein av dei kommunane som ønskja å vere med i forsøksordninga. I formannskapsmøte sak 57/13 vart det vedtatt at Vågå kommune skulle søkje om å få delta i forsøksordninga, men kommunestyret gjorde i sak 55/13 heilomvending og det vart vedtatt at kommunen ikkje skulle delta i forsøksordninga. Det vart lagt vekt på at Vågå kommune bør vidareføre ei restriktiv haldning til motorisert ferdsel i utmark. Ordninga med leigekjøring og særskilde løyve til køyring i samband med næring har fungert godt, både for dei som treng transport og for alle som har glede av å ferdast i støyfri natur. Å opne for fornøyleskøyering vil føre med seg meir forureining og ei auke i privat forbruk som naturen ikkje er tent med.

Sivilombudsmannen konkluderte med ei uttale av 12. juni 2014 med at omfanget av forsøket låg utanfor dei rettslege rammene til forsøksloven. Som en følge av det valte regjeringa etter ei samla vurdering å avvike forsøket og i staden legge til rette for ein rask lovprosess. Regjeringa avgjorde samstundes av rammene for etablering av løyper i lovforslaget ikkje skal avvike vesentleg frå dei rammer som gjaldt for forsøket. Departementet foreslår at det blir gitt ei viss

opning for køyring med snøskuter til fornøylesformål. Det er kommunane som skal få heimel til å etablere løyper for slik køyring.

Følgjande endringar i lov om motorferdsel er føreslege:

«§ 4 a skal lyde:

§ 4 a. (forskrift om bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag).

Motorkjøretøyer kan i utmark og på islagte vassdrag bare brukes i samsvar med forskrift gitt av departementet.

Departementet kan i slik forskrift gi kommuner myndighet til å etablere løyper for kjøring med snøscooter på vinterføre. Forskriften kan omfatte nærmere regler om kommunens bruk av myndigheten.

Løyper etter annet ledd skal angis i arealplan eller i reguleringsplan. Løypene skal ikke legges i verneområder, foreslåtte verneområder eller nasjonale villreinområder. Løypene skal ikke være til vesentlig skade eller ulempe for reindriften eller kreve terrenginngrep. I planarbeidet skal kommunene ta hensyn til støy og andre ulemper for friluftsliv, naturmangfold, bolig- og hytteområder, kulturminner og kulturmiljø. I planforslaget skal kommunen utrede virkningen løypene vil ha for friluftsliv og naturmangfold i plan- og influensområdet, samt kartlegge og verdsette friluftslivsområdene der løypene planlegges og vurdere betydningen av disse områdene opp mot øvrige friluftslivsområder i kommunen.

§ 5 tredje ledd oppheves.»

I forskrift 15. mai 1988 nr. 356 for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag gjøres følgende endringer:

§ 4 oppheves.

«Ny § 4a skal lyde:

§ 4a.

Kommunen kan etablere løyper for kjøring med snøscooter (beltemotorsyssel) på vinterføre.

Løypene skal angis i arealplan eller i reguleringsplan som trasé for snøscooterløype. Løypene skal vises i planen som linjesymbol med sosikode 1164, der senterlinjen angir traseen. For behandlingen av planen gjelder plan- og bygningsloven §§ 3-1 til 5-6 og §§ 10-1 til 13-4 med de unntak og særregler som følger av bestemmelsen her. Løypene skal ikke stride mot arealformålet og bestemmelsene i arealplan, jf. plan- og bygningsloven §§ 11-6 og 12-4.

Kommunen skal i forskrift gi bestemmelser om bruken av løypene, herunder om kjørefart og kjøretider. Det kan i bestemmelsene fastsettes krav om brukerbetaling til dekning av kostnader for drift av løypene.

Løypene skal ikke legges i verneområder, foreslåtte verneområder eller nasjonale villreinområder. Løypene skal ikke være til vesentlig skade eller ulempe for reindriften eller kreve terrenginngrep. I planarbeidet skal kommunen ta hensyn til

a) støy og andre ulemper for friluftsliv, naturmangfold, bolig- og hytteområder, kulturminner og kulturmiljø

b) sikkerheten for de som kjører og andre.

Planforslaget skal

a) utrede virkningene løypene vil ha for friluftsliv og naturmangfold i plan- og influensområdet

b) kartlegge og verdsette friluftslivsområdene der løypene planlegges og vurdere betydningen av disse områdene opp mot øvrige friluftsområder i kommunen.

Kommunen kan ikke treffe vedtak om snøscooterløype over en eiendom før grunneier har samtykket til slik løype.

Kommunens vedtak om trasé for snøscooterløype og bestemmelser om bruk av slike løyper kan påklages etter bestemmelsene i plan- og bygningsloven § 1-9, men slik at Fylkesmannen er klageinstans. Plan- og bygningsloven § 11-15 tredje ledd gjelder ikke for kommunestyrets vedtak om trasé for snøscooterløype i kommuneplan. For myndighet til å fremme innsigelse gjelder reglene i plan- og bygningsloven § 5-4. Støy eller andre negative virkninger for lokalt friluftsliv gir grunnlag for innsigelse etter plan- og bygningsloven § 5-4 første ledd. Ved behandling av innsigelsessaker kan departementet prøve alle sider av saken.

§ 8 oppheves.

§ 9 skal lyde:

§ 9

Motorferdsel etter disse forskrifter er ikke tillatt i tidsrommet fra og med 5. mai til og med 30. juni. Fylkesmannen kan bestemme at forbudet skal gjelde andre tidsrom, for hele kommunen eller for særskilte områder, når det anses nødvendig for å ivareta reindrifts- eller viltinteresser, eller andre interesser som motorferdselloven skal ivareta

Fylkesmannen kan gjøre unntak fra forbudet i spesielle tilfeller, etter begrunnet søknad fra kommune eller enkeltperson. Søknad fra enkeltperson sendes gjennom kommunen, og fylkesmannens enkeltvedtak kan påklages til Miljødirektoratet.

Forbudet gjelder ikke for motorferdsel som er tillatt etter motorferdsellovens § 4 første ledd.»

Vurdering:

Lovendringa som miljødepartementet (MD) foreslår går ut på at på at kommunane kan opne for etablering av snøskuterløyper for fornøyleseskøyting gjennom arealplanlegging etter plan- og bygningslova. Rådmannen har i tidligare saksbehandling i samband med vurdering av deltaking i forsøksordninga uttrykt skepsis til tilrettelegging for fornøyleseskøyting med snøskuter i Vågå. Det er i dag ikkje problem knytt til bruk av snøskuter i kommunen og ein veit ikkje kva konsekvensar/effektar slik tilrettelegging vil ha. I reiselivssamanheng vil snøskuterløyper representere eit nytt aktivitetstilbod og kunne styrke eksisterande reiseliv osv. Løyper for fornøyleseskøyting med snøskuter kan også medføre konflikt med det enkle friluftslivet m.o.t. til støy osv. Rådmannen har tidlegare peikt på at opning for fornøyleseskøyting vil kunne gje auka tal snøskutelar og føre til auka press på andre utmarksområde enn der det blir lagt til rette for slik køyting, og mogleg gje endra haldningar til bruk av motorkjøretøy i utmark i kommunen.

Sjølv om det blir opna for etablering av snøskuterløyper for fornøyleseskøyting gjennom arealplanlegging etter plan- og bygningslova så er det fortsatt mogleg for Vågå kommune å vidareføre ei restriktiv haldning til motorisert ferdsel i utmark. I følgje høyringsbrevet er det fortsatt eit mål å avgrense motorferdsel i utmark så mykje som mogleg. Det er difor ein føresetnad at fornøyleseskøyting berre kan skje i nærare fastsette løyper, og at det gjeld absolutt førebod i nærare spesifiserte område og at kommunen må ivareta omsynet til verkanden for friluftsliv, naturmangfald, hytteområde, kulturminne og kulturmiljø. Ev. tilrettelegging for snøskuterløyper for fornøyleseskøyting skal skje gjennom arealplanlegging etter plan- og bygningslova. Dette inneber at løypene må innarbeidast i kommuneplanens arealdel eller at det må utarbeidast eigen reguleringsplan.

Vågå kommune syns det er positivt at det fortsatt skal vere eit mål å avgrense motorferdselen så mykje som mogleg. Det er difor positivt at løypene ikkje kan leggjast i verneområde, føreslåtte verneområde eller nasjonale villreinområde. Det er vidare viktig at store samanhengande vinterfriluftsområde fortsatt skal vere fri for unødvendig motorferdsel.

Rådmannen har ingen merknader til forslaget til føreslegne endringar i lov om motorferdsel og motorferdselforskrifta.

Delegasjon:

Ingen konsekvensar for delegasjonsreglementet.

Rådmannens innstilling:

Vågå kommune har ikkje vesentlege merknader til føreslegne endringar i lov om motorferdsel i utmark og på islagte vassdrag av 10. juni 1977 og forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag av 15. mai 1988.

Saksprotokoll i Hovudutval for teknisk, landbruk og naturforvaltning - 05.09.2014**Behandling:**

Samrøystes

Vedtak:

Vågå kommune har ikkje vesentlege merknader til føreslegne endringar i lov om motorferdsel i utmark og på islagte vassdrag av 10. juni 1977 og forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag av 15. mai 1988.